



Rosendal Musikklag - klar for nok ei helg i det beste selskap. (Foto: Thor Inge Døssland)

I går kveld var det Før-NM-konsert i Rosendal, og idag reiser eit godt førebudd Rosendal Musikklag, med fleire uskedelinger på laget, til Bergen for å delta i NM for brassband i Grieghallen i morgon.

Til saman deltar heile 75 korps, og Rosendal spelar i 4. divisjon der det er 23 deltakarkorps



Sindre Aksnes frå Uskedalen debutterar i NM (Foto: Thor Inge Døssland)

NM er saman med Siddis Brass det absolutte høgdepunktet i sesongen for svært mange korpsmusikarar. Derfor

er det svært bra at kommunen har eit korps som held så høgt nivå og satsar så seriøst at dei kvart år deltar i desse konkurransane.

Dermed har kvinnherske korpsmusikarar mulighet til å få ta del i desse flotte opplevingane. Dette er viktig både for dei eldre, og kanskje spesielt dei yngre medlemmene. Aldersspennet i korpset er stort - det er 60 års aldersskilnad mellom yngste og eldste rosendalsmusikar. Nokre av dei skal oppleve NM for første gang. Mellom debutantane er to uskedelinger. Både Inger Naterstad og Sindre Aksnes, begge i slagverksgruppa, er med NM for første gang.

Rosendal Musikklag skal framføra eit stykke med frelsesarmèmusikk, - Glorifico Aeternum av DeanJones. Stykket vart utgjeve i 2005, og etter det Rosendals-dirigent Torstein Hatlevik kjenner til, var det første gang stykket blei framført i Norge då publikum fekk høyre det på konserten torsdag kveld. Det er eit nydeleg, men krevjande stykke.

Korpset er bra i rute med innøvinga, og dei gler seg stort til framføringa i Grieghallen klokka ti over halv tolv i morgon. Det er berre å kryssa fingrar, og håpe at dommarane likar det dei får høyre. Plassering er umogeleg å spå. Vi veit at det berre er gode korps som stiller i NM, alle er svært godt førebudde og nivået er jamnt og høgt. I fjor hamna Rosendal heilt oppe på 3.plass i 4.divisjon.

Også to andre sunnhordlandskorps deltar i NM. Sagvåg deltar i 2.divisjon, medan Tysnes konkurrerer med Rosendal i 4.divisjon.

Begge desse korps har kvinnheringar med på laget.

Vi ønskjer alle lukke til!

Av Thor Inge Døssland